



Bøsseberarane er på veg. Viljar Simonsen Tveit, Kristian Klette Hansen, Sander Haraldseid Simonsen, Martin Arnesen, Sondre Klyve, Fredrik Haugland og Marius Hauso.

Den årlige fasteaksjonen går av stabelen i Uskedalen i dag. Konfirmantane er på veg og skal innom så mange hus det let seg gjera. 11 ruter og 15 konfirmantar, anten til fots eller på sykkel. Dei med lengst roder vert køyrde av foreldra. Innsamlinga i år går til turkeramma land i Afrika, i arbeidet med å skaffa reint vatn.

Fasteaksjonen er landsdekkande og vert i år gjennomført for 20. gong. Soknerådsleiar, Svanhill Haugland, er lokalt ansvarleg for innsamlinga i Uskedalen.

Med frammøte i Bedehuset kl. 17 og utkvittering av bøsse og legitimasjon, skal det heile vera avslutta før klokka 20 i kveld. Det er tradisjon og ein del av førebuinga at konfirmantane er bøsseberarar i Uskedalen. Det er Kirkens Nødhjelp som sentralt organiserer innsamlinga. Heile 600 millionar menneske er utan reint vatn. Dei mest turkeramma landa for tida er Somalia, Sør Sudan og landa kring Tsjadsjøen.

Ta vel imot konfirmantane. Om du ikkje er heime, bruk lappen, som vert lagt att i dør, og overfør pengar på konto.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal